



Turløypa i Hoplandsmarka langs Fosnstraumen og søre delen av Hoplandsosen, er ein kulturhistorisk stig i eit område der menneska har gått før oss heilt attende til eldre steinalder for 9000 - 10000 år sidan.



A well marked walk in Hoplandsmarka along Fosnstraumen and the southerly part of Hoplandsosen, taking you back to the time when stone-age man established his settlements some 9,000 -10,000 years ago.



Hoplandskvernane.

Foto: Knut Risnes

Rute og ymse av interesse

Løypa er ei rundløype på ca. 4 km og kan delast opp i tre alternative turar:

1. Rundtur gjennom heile løypa med startpunkt like ved Rv565, enten ved Fosnstraumbua (1) eller på Litlelindås (7).
2. Tur på «steinalderstien» frå Fosnstraumbua (1) og til Hoplandskvernane (4) med retur same vegen.

Route and places of interest

The 4 km route can be split into three walks:

1. The round trip. The complete route and starting near Rv 565 either from Fosnstraumbua (1) or from Litlelindås (7).
2. The walk along the stone-age path. From Fosnstraumbua (1) and on to Hoplandskvernane (4) returning the same way.



3. Tur til Hoplandskvernane frå Litlelindås (7) og attende.

Terreng: Ope og småkupert med lyngmarker, ein del eldre furuskog og gran.

Tid: 1. Ca. 1 1/2 time
2. « 1 time
3. « 50 min.

Denne gjennomgangen av løypa startar ved Fosnstraumbua (1). Første delen av løypa, langs Fosnstraumen og Hoplandsosen fram til Hoplandskvernane (4), vert kalla «steinalderstien». Her har steinalderbuplassane lege tett i tett. Ca. 90 steinalderbuplassar er registrerte på begge sider av Fosnstraumen. Den sterke straumen og dei store sjømengdene som fer inn og ut gjennom den trange passasjen, gjer at næringsoppoppinga vert stor og området svært fiskerikt. Då steinalderfolket slo seg ned her, busette dei seg like ved matfatet.

Langs «steinalderstien» og fram til Langevatnet er det sett ut informasjons-skilt (2)-(3)-(5) som på norsk, engelsk og tysk fortel om buplassar og livsgrunnlag for dei menneska som budde her i eldre og yngre steinalder. På stien ned mot Hoplandsosen ser ein Fosnstraumbua i si fulle lengde på 404 m. Brua bind Fosnøy og Radøy saman og vart opna i 1989.

Løypa går vidare på høgdedraget langs Hoplandsosen, med vakkert utsyn ut mot Fedjeosen og Fedje. Har vi fiskestanga med, er det kort veg ned til strandkanten og svaberga der vi kan prøva fiskelukka.

Godt og vel halvegs i løypa har vi kome til Hoplandskvernane (4). Me veit ikkje kor gamle Hoplandskvernane er, men etter matrikkelen frå 1667 og 1723 har det vore to kvernar på Hopland og vi vil tru dette er kvernane i Hoplandmarka. Kvernane vart sette i stand rundt 1. verdskrig og i trettiåra, og under 2. verdskrig bar kvernanlegget namnet Hopland Bygdemølle.

Øvste kvernhuset har seks eigarar og nedste fire. Utover i femti- og sekstiåra fekk kvernane meir og meir preg av forfall, men i første halvdel av 70-åra var dei restaurerte og sette i fullgod stand. Mellom kvernane og sjøen er det laga til rasteplass der det er lagt ut «turbok» der turgåarane kan skriva namnet sitt.

På veg opp frå kvernhusa passerer vi Langevatnet (6) som kan demmast opp og gjev drivvatn til kvern-kallen når kornet skal malast. Frå Langevatnet går det skogsveg fram til (8). Langs denne delen av løypa er det planta granskog, og ein kan tydeleg sjå korleis skogen endrar landskapet som før var ope med lyngmyrar og kollar.

Frå (8) og attende til Fosnstraumen (1) går stigen gjennom eit område med gamal furuskog. Her kan vi finna blåbær og tyttebær i bærseongen.

(Vel vi å starta turen på Litlelindås (7), går vi same løypa, men motsatt veg til Fosnstraumen.)

Skuleklassar, grupper o.a. som ynskjer å studera Hoplandskvernane innvendig, kan få låna nykkel til kvernhusa ved å kontakta Austrheim kommune, v/underv. og kulturkontoret, telf. 56169050.

3. Walk to Hoplandskvernane. From Litlelindås (7) returning the same way. The terrain is open with small hilly areas and fields of heather. The spruce woods are very old while the pine was planted this century.

Terrain: The route is well marked and follows both wooded pathways and prepared footpaths.

Time: 1. Approx. 1 1/2 hours.
2. « 1 hour
3. « 50 min.

The walk has two starting points, one at Fosnstraumbua (1), the other at Litlelindås (7).

The following description of the walk starts at Fosnstraumbua (1). The first part of the walk, along Fosnstraumen and Hoplandsosen, is known as «the stone age path». There were stone age settlements on both sides of Fosnstraumen, over 90 such sites have been registered. The strong currents through the narrow passage provide a wealth of nourishment and the waters are rich in fish. When stone age man settled here, he was literally sitting next to his dinner.

Information boards have been erected along the «stone age path» and up to Langevatnet (2), (3) and (5) which tell about the settlements and way of life of the stone age dwellers in both Norwegian, English and German. On the path down to Hoplandsosen you can see the bridge over Fosnstraumen in its full length, 404 metres. The bridge binds Fosnøy and Radøy together and was opened in 1989.

The walk carries on along the heights towards Fedjeosen and Fedje. If you have your fishing tackle with you, its only a short walk down to the sea-shore where you can try your hand.

A little over halfway along the route you arrive at Hoplandskvernane (The Hopland Mills) (4). We have no idea how old the mills are, but according to the records from 1667 and 1723 there were two mills at Hopland and we believe that it is these mills that are referred to. The mills were restored around the period of World War I and in the thirties and were named the Hopland Village Mills during World War II. The mills fell into decay during the fifties and sixties but were again restored during the early seventies.

There is a resting place between the mills and the sea where you can sign the «visitors book». On the way up from the mills you pass Langevatnet (6), which can be dammed to provide water to the mill when the grain is to be milled. From Langevatnet there is a road through the woods to (8). Coniferous forests have been planted in this area which have changed the landscape from its original open, heather covered marshes and hills. From (8) and back to Fosnstraumen (1), the path leads you through an area of old pine woods. You can gather blueberries and whortleberries when they are in season.

If you choose to start the walk at Litlelindås (7), you take the same route but in the opposite direction to Fosnstraumen.

Groups and others who would like to study the interior of the old mill houses can borrow the keys by prior arrangement with Austrheim Council on Tel. 56 16 90 50.

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.